

Hesjedugnaden aktiviserer 30 born og mange voksne.

26.06.2018



Bjarte Døssland med traktor, hengar og born i lasset.

Grasslåtten og hesjedugnad er eit fast innslag i førebuingane til Festidalen. I dag møtte 30 born og mange voksne fram på Stølen for å ta del i arbeidet med å så, lessa og køyra graset til Dønhaug for hesjing. På område er det sett opp ei hes. Inngangsportalen og nokre gjerde er hesja. Hesjar går inn i profilen GARD og er eit av fleire varemerke for Festidalen.

Å turka graset i ei hes var vanleg i slåtten for 30 - 40 år sidan. I mange år var det mange unge som ikkje hadde noko forhold til det å hesja. Så kjem Festidalen og gjenskaper ein tradisjon og aktiviserer born og ungdom i eit meiningsfullt sosialt fellesskap.



30 born møtte fram til slåtten og hesjedugnaden i kveld.

Ei hes er eit stillas til å turka høy, korn og korni. Får å få dette til må ein ha hesjastaur og hesjastreng. Hesjetroa vart brukt langs etter ei hes for å gje støtte.

På Stølen og på Dønhaug i kveld gjekk hesjinga leikande lett. Det var god stemning. Stål Eik slår graset med tohjuls slåmaskin. Bjarte Døssland stiller med traktor og tilhengar. Borna kosar seg i høylassen.

Stor sas var det då Saima og Silje steikjer og serverer vafler til dugnadsgjengen.

Tekst/foto: Thor Inge Døssland/Gina Berge-Soldal

Nett: Kristian Bringedal



Saima og Silje steikte og serverte vafler.